



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/146546-15

Dykkar referanse:
14/1855 - 19/16287

Vår dato:
29.07.2019

Varsel om motsegn – Områdeplan for Ostereidet – PlanID 1263-201802 – Lindås kommune

Vi viser til offentlig ettersyn av områdeplan for Ostereide, motteke 04.06.2019, med merknadsfrist 30.juli 2019.

Statens vegvesen vurderer at våre interesser som fagmynde for vegtransport, herunder trafikktryggleik, ikkje er ivaretatt i framlegg til områdeplan for Ostereidet.

Rekkefølgekrava i reguleringsplanen ivaretek ikkje trafikktryggleiken i stor nok grad når det gjeld trygg skuleveg og trygg ferdsle på hovudvegnettet. Denne motsegna er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst.

Føremål med områdeplanen

Hovudføremålet med områdereguleringsplanen er å legge til rette for god stadsutvikling på Ostereidet, både ved senterområdet og ved skule-, idretts-, barnehage- og kyrkjeområdet, samt å legge grunnlaget for etablering av ei trafikksikker samanbinding for mjuke trafikantar mellom desse to hovudområda. Statens vegvesen er svært positiv til intensjonen i planforslaget om ei trygg samanbinding av dei to områda på Ostereide, og meiner det er avgjerande for å oppnå ei god stadsutvikling.

I senterområdet viser planen flytting av kollektivterminal, auka næringsareal, bustader og høgresvingefelt frå E39. Ved skule-, idretts-, barnehage- og kyrkjeområdet vert det lagt til rette for ny idrettshall og parkeringsplassar i tilknytning til denne, samt at kollektivområdet ved skulane vert uvida. I tillegg vert det opna for utviding av barnehagen, og barne- og ungdomsskulen også dersom det vert behov for dette i framtida.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vår rolle

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga.

I denne planen uttaler vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, som eigar av riksveg og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Om Ostereidet og planprosessar i området

Ostereide er eit nærsenter i Lindås kommune, og det har vore planarbeid i området tidlegare. I 2016 var områderegulering for Ostereidet på offentleg ettersyn, der Statens vegvesen fremja motsegn i brev datert 03.11.2016. I brevet konkluderte vi slik:

«Planframlegget tilfredsstillar ikkje våre interesser når det gjeld trafikktryggleik, og er ikkje tilstrekkeleg detaljert til å sikre gjennomføring. Statens vegvesen fremjar difor motsegn til planen, i lys av vår rolle som fagmynde for trafikktryggleik og framkomst, og som forvaltar av fylkesvegnettet.

Statens vegvesen ber om at ein i det vidare planarbeidet legg til rette for ein dialog som sikrar at dei regulerte løysingane er gjennomarbeidd og gir tilfredsstillande trafikktryggleik for både mjuke trafikantar og køyrande.»


Det har vore fleire møter der ulike løysingar har vore diskutert, mellom anna når det gjeld plassering av kollektivterminalen og utforming av vegsystem for sentrale delar av Ostereidet. Det har i tillegg vore avklaringar rundt kva rekkefølgekav Statens vegvesen vil stille. Dei endelege løysingane har ikkje vore oversendt før offentleg ettersyn.

Ettersom Ostereide er to-delt når det gjeld viktige funksjonar, har vi vore tydeleg i vårt krav om eit trygt tilbod for mjuke trafikantar langs fv. 393. Etter vår vurdering må fortau vere ferdig bygd før ein opner for utbygging som medfører særleg fleire mjuke trafikantar eller meir biltrafikk enn i dag, på strekninga mellom skule-/kyrkjeområdet og senterområdet.


Utforming av høgresvingefelt og kryss med E39

I februar 2019 fekk vi notat frå Lindås kommune om høgresvingefelt ved avkøyring frå E39. Statens vegvesen var samd i konklusjonen i notatet, om at høgresvingefelt bør etablerast for å unngå tilbakeblokkering ut på E39. Vidare bad vi om at høgresvingefeltet vart dimensjonert etter fartsgrense 80 km/t, og at innkøyringa inn til senterområdet vart utvida slik at 2 busser kan møtast.

I fremlagte plankart har ein valgt ei utforming av høgresvingefeltet som ikkje samsvarar med krava til utforming etter handbok V121 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss*. Etter vår vurdering vil utforminga gi risiko for høg fart inn i kryssområdet, grunna manglande avbøying. Vidare er avkøyringsfeltet dimensjonert etter dimensjonerande fart 70 km/t, ikkje 80 km/t, slik vi har krevd i vår tilbakemelding til kommunen.



Statens vegvesen krevjer at utforminga på høgresvingefeltet vert endra, slik at det samsvarer med figur 3.14 i handbok V121 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss*:



Figur 3.14: Utforming av parallellført høgresvingefelt med trafikkøy (mål i m)

Vidare ber vi om at det vert sett av areal til dråpeøy mellom inn- og utkøyringsfelta.

Vi har motsegn til utforminga av høgresvingefeltet og krysset med E39, som vegeigar for riksveg og fagmynde for vegtransport.

I føresegnene til planframlegget er rekkefølgjekravet om avkjøring frå E39, o_SKV2, knytt til utbygging av sentrumsområda, BS1-3, og kollektivområdet o_SKH1. I vår e-post 13.03.2019 skreiv vi følgjande:

«Det er ulike tiltak som kan gi behov for utbedring av avkjøringen fra E39. Det er en logisk og åpenbar sammenheng mellom endring av vegsystemet i området/tilkomst til senteret, og at avkjøringen må utbedres for å unngå tilbakeblokkering på E39. Men også endring av trafikkmønster og spesielt økt trafikk ut/inn gir behov for utbedring av avkjøringen. Dette vil avklares gjennom trafikkanalyse i planprosessen. Vi kan derfor ikke bekrefte at det kun er utbygging av senterområdet som vil utløse rekkefølgekrav.»

Etter vår vurdering vil også dei andre store utbyggingsområda gi trafikkvekst til/frå Ostereidet. Statens vegvesen krev difor at rekkefølgjekravet også vert knytt til andre utbyggingsområder som gir trafikkvekst, deriblant område BU, B7 og B8.

Vi knytt motsegn til dette kravet, som fagmynde for vegtransport, deriblant trafikktryggleik.

Statens vegvesen meiner det er uheldig at ein legg til grunn dagens vegsystem når ein skal utarbeide ein områdeplan og vidareutvikle eit senterområde. Etter vår vurdering er vegarealet frå E39 til rundkøyringa mellom arm frå E39, fv. 393 og fv. 394 er utforma med for små marginar. Ein må i planarbeidet gi rom for vidareutvikling av vegløysingane, t.d. når det gjeld kopling av dei ulike veglenkene. Det vil difor vere uheldig å utvikle område BS3 slik plankartet viser, ettersom dette i stor grad vil låse vegsystemet for framtida. Vi ber om at dette vert vurdert på nytt.

Om kollektivterminalen i sentrum

I dialogen med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune undervegs i planarbeidet, har Lindås kommune lagt frem ulike framlegg for plassering og utforming av terminalområdet på Ostereidet. Lindås kommune har til slutt valt det alternativet der terminalen ligg heilt vest på sentrumsdelen av Ostereidet.

Statens vegvesen meiner kollektivterminalen burde fått ei meir sentral plassering, for å redusere avstander for dei som bur lenger aust, ved skuleområdet. Etter vår vurdering ville det i større grad bygd opp under fellesføresegn § 3.1, der det m.a. står: *«Ostereidet skal utviklast til ein mest mogleg gangbasert tettstad.»* Samstundes ville det gitt kortare køyreavstand og mindre tidsbruk for bussane ved avkjøring frå E39, slik Skyss har gitt merknad om, som er ein vesentleg fordel for dei andre passasjerane på bussen. Etter vår vurdering har ikkje kommunen valt ei fremtidsretta plassering av terminalen, som kunne invitert til auka kollektivandel.

Trafikkløysinga og den valde plasseringa av kollektivterminalen vil etter vår vurdering gi uryddige køyretilhøve i sentrumsområdet på Ostereidet. Mellom anna må bussar til terminalen svinge utanom tungbilar som tanker, i eit relativt smalt veggverrsnitt og med motgåande trafikk. Varelevering til senteret skal også skje via denne vegen, gjennom lamelloppstillinga til bussane, og langs utkøyringa frå kollektivterminalen.



Planframlegget opnar i tillegg for at ein kan regulere for bustadbygging over heile terminalområdet, føresegsområde #2, med tilkomst frå o_SV1. Ein vil då få privatbilister inn mot kollektivterminalen og snuområdet for tungbilane. Etter vår vurdering vil det være uheldig å tillate ei slik endring i trafikken gjennom dette området. Tiltaket føreset i tillegg konstruksjoner innanfor byggjegrænse mot E39. På bakgrunn av ovennemnde må det påreknast at Statens vegvesen er negativ til eit slikt planarbeid. Vi ber difor om at kommunen tek føresegsområde #2 ut av planframlegget.

Om bussnuplassen ved skulen

Det er forsøkt å rydde i veg- og kollektivløysinga ved skuleområdet, der det er trong for mange busser til same tid. Vi er positiv til at ein legg om kommunal veg, Ørnnova, slik at ein reduserer trafikken gjennom bussnuplassen. Vi ser at det framleis er nokre potensielle konfliktpunkt mellom trafikk frå lokalveger og busstrafikken. Etter vår vurdering bør ein ikkje legge til rette for auka bruk av veg o_SV7 og o_SKV10 slik planframlegget er no.

I detaljutforminga av snuplassen må ein leggje stor vekt på trygge og naturlege gangaksar.

Tilbod for gåande og syklande langs fv. 393 Eidavegen

I planframlegget er det sett av areal til fortau langs fv. 393 Eidavegen og kommunal veg Eidavegen, som bind saman dei to delane av Ostereidet.

Statens vegvesen meiner dette er eit viktig tiltak for å sikre eit trygt og framtidretta transporttilbod i Ostereidet. Når fortauet er på plass, ligg det godt til rette for at dei som bur i området kan gå og sykle til daglege aktivitetar, trass i auka trafikkmengde.



I vår dialog med kommunen har vi signalisert at rekkefølgekravet om opparbeiding av fortauet bør gjelde alle tiltak i planområdet som gir auka transportbehov på strekninga. Vi meiner det minimum må knytast til samtlege nye bustadområder, sentrumsområder og idrettshall. Det vil vere uheldig om ein opnar for utvikling av nye områder utan at grunnleggjande trafikktryggleik for mjuke trafikantar er ivareteke. Etter vår vurdering er det like relevant å sikre trygg gangveg til skule og idrettsplass for bebuarar i sentrumsområdet, som å sikre trygg gangveg til sentrum og kollektivtilbod for dei som bur nær skulen.

Vi viser til vår e-post med tilbakemelding til kommunen, datert 08.02.2019:

«Et slikt rekkefølgekrav er viktig for å sikre de myke trafikantene på strekningen, før en iverksetter tiltak som gir vesentlig økt trafikk. Vi vurderer derfor at det ikke er rom for diskusjon rundt dette.»

Statens vegvesen krevjer at Lindås kommune endrer rekkefølgekrava i planframlegget, slik at krava gjeld alle nye byggeområder og andre tiltak som gir vesentleg transportauke. Vi vil samstundes krevje at kravet vert knytt til ferdig anlegg, slik at det må vere oppfylt før igangsetjing av utbyggingstiltak.

Vi knytt motsegn til dette kravet, som fagmynde for vegtransport, deriblant trafikktryggleik.

I føresegn § 3.7 vert det opna for at ein i samband med detaljreguleringsplan kan vurdere utbyggingsavtale med Lindås/Alver kommune. Vi ser at dette kan vere ein god måte å løyse enkelte rekkefølgekrav. Vi er samstundes negativ til at viktige krav som sikrar trygg skuleveg vert løyst på den måten.

Byggjegrense

I føresegn § 3.3 a) står følgjande:

«Langs Eidavegen ligg byggjegrensa i formålgrensa mellom «Annan veggrunn – grønt» og byggeformåla. Elles ligg byggjegrensa i formålgrensa.»

Byggjegrenser langs veg skal ivareta omsynet til trafikktryggleik, vegvedlikehald og drift av vegnettet, eventuelt arealbehov ved utviding av vegen, og miljøet langs vegen. Det er difor avgjerande at ein unngår tiltak nær opp til vegen, slik at ein ikkje bygger ned vegnettet over tid. Statens vegvesen vurderer at føresegn § 3.3 a) ikkje ivaretek dette omsynet, og krevjer difor at byggjegrensa langs fv. 393 Eidavegen vert sett minst 15 meter frå vegmidte, i samsvar med gjeldande rammeplan, «2017–2020 *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest.*» Vi knytt motsegn til dette kravet, som fagmynde for vegtransport, deriblant trafikktryggleik.

Vi viser vidare til at vi tidlegare i planprosessen har krevd ei byggjegrense på minimum 30 meter langs E39. Dette er ikkje vist eller omtala i planframlegget. Vi krev at dette vert vist i plankartet, og at det ikkje vert lagt til rette for nye tiltak i strid med denne grensa. Det er knytt motsegn til dette kravet, som vegeigar for riksveg og fagmynde for vegtransport, deriblant trafikktryggleik.

Vi vil samsundes rå til at byggjegrensa langs kommunal del av Eidavegen vert utvida til 15 meter. I den samanheng viser vi til at vegen i planframlegget vert regulert slik den ligg i dag, utan å ta høgde for auka trafikk og auka andel gåande og syklande. Etter vår vurdering vil kommunen i framtida få trong til å utvikle veg og/eller gangtilbod, og ein vil difor vere best tent med å auke byggjegrensene i reguleringsplanen.

Andre merknader til planen

Vi meiner det er uheldig at plangrensa for reguleringsplanen ligg i vegbana til E39. Det fremgår ikkje om plangrensa ligg langs midtlinja eller langs ei anna avgrensing. Dette gjer det også vanskeleg å vurdere om det er sett av nok areal til kryssområdet. Vi ber difor om at plangrensa vert utvida slik at heile breidda på E39 og kryss til Ostereidet ligg innanfor planområdet.

Det manglar eit vertikalnivå i plankartet, der fv. 394 kryssar under E39 i kulvert. Dette må rettast i både kart og føresegn.

Planmaterialet inneheld deler av vegtekniske teikningar for veganlegget. Tverrprofil (U-teikningar) manglar, og gir avgrensa moglegheit til å vurdere om det er sett av tilstrekkeleg areal til m.a mur, skjering, fylling, rekkverk mm. I normalprofila er det ikkje vist naudsynt rekkverk.

I føresegn 4.2.1 a. står det:

«Opparbeiding av offentlege gater og vegar skal skje med bakgrunn i detaljerte tekniske planar, godkjent av kommunal eller statleg mynde.»

Vi ber om at ein tek med fylkeskommunal mynde i oppstillinga, ettersom fylkesvegane skal forvaltast av fylkeskommunen frå årsskiftet 2019/20. I tillegg bør det nemnast at ein må inngå gjennomføringsavtale med vegeigar.

I tabell knytt til føresegn § 4.2.1 d. er det merknader/særlege krav til samferdsleanlegga. Her er fartsgrense nemnd i tabellen. Vi gjer merksam på at fartsgrense ikkje kan regulerast gjennom føresegn i reguleringsplan, då dette skal handsamast etter vegtrafikklova.

Føresegnområde #1, midlertidig bygge- og anleggsområde, er regulert i føresegn § 6.1.

I § 6.1.a) står det:

«Føresegnområde #1 kan nyttast ved vegutbygging og vedlikehald som mellombelse rigg- og anleggomsråde»

Vi ber om at denne føresegna vert endra til:

«Føresegnområde #1 kan nyttast som anlegg- og riggomsråde ved vegutbygging. Områda kan i anleggsfasen nyttast til midlertidig massehandtering, midlertidige brakkeriggar med tilhøyrande køyre- og parkeringsareal mens arbeida pågår, tekniske anlegg, omkøyringsvegar m.m. Områda skal ferdigstillast med god tilpassing til omkringliggjande terreng.»

Føresegnområde #5 er regulert i føresegn § 6.3 b., og set krav om detaljregulering av område B3 ved nye bueiningar. Samstundes opnar ein i § 2.1 b. for at inntil 5 nye bueiningar med inntil 1 sekundærbueining kan byggjast før plankravet slår inn. Vi stiller spørsmål ved føremålet ved plankravet, ettersom området etter vår vurdering vil vere tilnærma ferdig utbygd før plankravet slår inn.

Konklusjon

Planframlegget tilfredsstillar ikkje våre interesser når det gjeld trafikktryggleik. I lys av vår rolle som fagmynde for trafikktryggleik og framkomst, ber vi om at Fylkesmannen i Vestland fremjer motsegn mot områdereguleringsplan for Ostereidet.

Våre motsegn i planframlegget gjeld følgjande tema:

- Utforming av høgresvingefelt frå E39
- Rekkefølgjekravet om bygging av høgresvingefelt og kryssutbetring
- Rekkefølgjekravet om fortau langs fv. 393
- Byggjegrense mot E39 og fv. 393

Statens vegvesen Region vest
Med helsing

Nils Magne Slinde
fung. regionvegsjef

Carl-Erik Nielsen
fung. avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ